



Fylkesmannen i Rogaland Miljøvernavdelingen

Saksbehandlere John B Mponngo Ntchombwene
og Kristian Solberg
Telefon: 51 56 89 24/51 56 89 28

Arkivnr: 472
Saksnr: 2011/1229

Norsk Protein AS, adv. Grødaland, Hå - Kontrollrapport

Rapportnr.: 2010.070.I. FMRO
Type kontroll: Verifikasjon

Informasjon om verksemda:

Namn: Norsk Protein AS, avd. Grødaland	Organisasjonsnr. 921042434
Postadresse: Grødaland , 4367 Nærbø	Besøksadresse: Grødaland , 4367 Nærbø
Løyve etter forureiningslova: 29.05. 2005	Bransjenr. (NACE-kode): 10.910 Produksjon av fôrvarer til husdyr- hald
Risikoklasse: 2	Kommune/kommunenr: Hå/1119
Kontrolldato: 11.01. 2011	Tidspunkt for førre kontroll: -

Tilstede under kontrollen:

Frå verksemda: Bjarne Hagen, Odd Vinje, Are Paulsen og Øivind Johansen frå COWI	Frå fylkesmannen: Kristian Solberg, Mariann Størksen og John Mpongo Ntchombwene
---	---

Rapportens innhald

Rapporten skildrar dei avvik og merknadar som blei konstatert under kontrollen.
Hovudtema for kontrollen var:

- Verksemda sitt internkontrollsystem
- Oppfølging av løyvet etter forureiningslova

Resultat frå kontrollen:

Fylkesmannen har avdekka fem (5) avvik under kontrollen. Det er gitt fire (4) merknadar, sjå nærare inne i kontrollrapporten. Kontrollen legg til grunn det som blei observert og funne på kontrolldagen og ved handsaminga av desse opplysningane i ettertid.

Kontrollgebyr:

Norsk Protein. adv. Grødaland AS sitt anlegg er plassert i risikoklasse 2. Dermed skal verksemda betale NOK 14 800 for gjennomført kontroll, jf. Forureiningsforskrifta § 39-6.

Oppfølging etter kontrollen:

Verksemda pliktar å rette avvika snarast.

Fylkesmannen pålegg verksemda **innan 15. 06. 2011** å bekrefte skriftleg at tilhøva er brakt i orden og å gjere greie for dei tiltak som er gjennomført for å rette **avvika**. Dersom verksemda ikkje klarar å rette avvika innan denne fristen, skal den gjere greie for årsaka og oversende oss ein tidsfesta handlingsplan for retting av desse. Denne planen skal oversendast oss innan same frist.

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Vedtaket kan klagast på innan tre (3) dagar etter at pålegget er motteke, jf. Forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør vere grunngitt og skal sendast til Fylkesmannen.

Om ikkje Fylkesmannen mottek den pålagde, skriftlege tilbakemeldinga innan gitt frist, kan Fylkesmannen, med heimel i forureiningslovas § 73, fatte vedtak om tvangsmulkt.

Rapport godkjend 10/3 2011

Marit Sundsvik Bendixen
ass. Fylkesmiljøvernshjef

John B. Mpongo Ntachombwene
overingeniør

Bakgrunn:

Kontrollen av Norsk Protein, avd. Grødal AS 11.01. 2011 karakteriserast som ein rutinekontroll, basert på oppfølging av løyvet etter forureiningslova og gjeldande regelverket.

Kontrollen ble varsla i forkant, jf. e-post av 08.12.2010. Målet med kontrollen er å sikra at verksemda overheld gjeldande regelverk innafør dei områda som inngår i kontrollen.

Rapporten omhandlar avvik og merknadar som er konstatert under kontrollen, men gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar:

Avvik blir definert som brot på krav fastsett i, eller i medhald av, helse-, miljø- og tryggleikslovverket (til dømes brot på krav i forureiningslova, forskrifter heimla i forureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyvet etter forureiningslova eller dispensasjonar).

Merknadar blir definert som eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å påpeika for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik.

Regelverk:

De viktigaste HMS-krava for den bransjen verksemda hører til, er samanstillt og ligg tilgjengeleg på internett, www.regelhjelp.no.

Heimlane for dei avvik som gis etter denne kontrollen ligg i følgjande regelverk:

- *Lov om forurensninger og om avfall (forureiningslova)*, av 13. mars 1981, med
- *med senere endringar.*
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)*, av 1. juni 2004, med senere endringar.
- *Løyvet etter forureiningslova*, datert 29.12. 2005.
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta)*
- *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova)*

Resultat frå kontrollen:

Avvik 1: Verksemda har ikkje kontinuerleg prøvetaking og analyse av organisk stoff

Avviket frå:

- Internkontrollforskrifta § 5-2, pkt. 6 og 7.
- Løyvet etter forureiningslova pkt. 12.1.3

Kommentarar:

Verksemda skulle innan 1/10-07 ha etablert eit system for kontinuerleg prøvetaking av organisk stoff, t.d. TOC (totalt organisk karbon), KOF eller BOF, som med ein akseptabel grad av presisjon kan uttrykke ein verdi for BOF₅. Dette er ikkje implementert.

Avvik 2: Verksemda har ikkje kontinuerleg måling av avlaupsmengder

Avviket frå:

- Internkontrollforskrifta § 5-2, pkt. 6 og 7.
- Løyvet etter forureiningslova pkt. 12.1.2

Kommentarar:

Verksemda skal måle storleiken på avlaupet kontinuerleg og skal kunne registrere timesverdiar. Verksemda har tal for årleg avlaup. Det saknast tal som beskriv timesverdiar. Verksemda har berre anslag for Q_{maks}. Desse anslaga harmonerer ikkje med det som blir tilført reinseanlegget. Dette gjeld bl.a. talfesting av dei regelmessige store avløpsmengdene (pulsar med vatn) som verksemda rapporterer. Bruk av forbrukt vatn gir ikkje noko tilfredstillande bilete av utsleppa sidan mykje av utsleppet kjem frå råstoffet (kondensvatn). Det faktum at verksemda forsyner Solør Energi med vatn, vi forkludre biletet.

Avvik 3. Verksemda har ikkje oppdatert leidningskart

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5-2, pkt. 6 og 7.
- Løyvet etter forureiningslova pkt. 3.1- 3.7.

Kommentarar:

Verksemda har ikkje god nok oversikt over avlaupsnettets sitt. Dette er fundamentalt for å kunne ivareta reinsekrav, setje i verk utsleppsreducerande tiltak, intern reinsing og for å leide avlaupet til reinseanlegget. Ved tilsynet forklarte Norsk Protein AS at dei hadde uforståeleg pulsar av vatn som regelmessig kom frå avlaupsnettets deira.

Verksemda skulle kartlegge kvaliteten til separate avlaupsstraumar for å kartleggje kjelder til høgt utslepp av organisk stoff i avløpet, jf. brev frå NP 21/12-06. Dette arbeidet kunne gitt slikt oversyn, men resultatet er ikkje kjent. Etter ein lekkasje i august 2010, blei det gitt tilbakemelding til Fylkesmannen om at røyrleggjar Halvorsen skulle kartleggje og undersøke leidningsnettets. Men ved tilsynet eksisterte det likevel ikkje leidningskart for verksemda.

I løyvet sitt pkt. 3.6 står det at i dag blir takvatn og overflateavrenning delvis ført til hovudavlaupsleidningen som leier dette ut i sjø via utsleppsleidningen. Kravet i løyvet er at overflate-

vatn ikkje skal leiast til reinseanlegget. I same punktet blir det også kravd at internkontrollsystemet skal nyttast for å retta feil. I dag finnest det ikkje dokumentasjon på at dette er gjort.

Avvik 4: Avlaupsvatn går utanom reinseanlegget og har høg temperatur

Avvik frå:

- Løyvet etter forureiningslova pkt. 2.3, 3.2.1,3.2.3.

Kommentarar:

Ved tilsynet argumenterte Norsk Protein for at Q_{maks} var mindre enn $6 \text{ m}^3/\text{t}$. Likevel syner målingar ved IVAR sin inntakskum at mengda som i snitt kjem inn til reinseanlegget ligg kring $195 \text{ m}^3/\text{døgn}$, eller drygt $8 \text{ m}^3/\text{t}$. Men sjølv om pumpekapa- siteten i inntakskummen ved IVARs reinseanlegg er $30 \text{ m}^3/\text{t}$, overskrid påsleppet/pumpinga frå Norsk Protein pumpekapa- siteten til IVAR. Dette inneber at toppane frå Norsk Protein er mykje høgare enn $8 \text{ m}^3/\text{t}$. Av- laupet går derfor utanom reinseanlegget og i overlaup til utsleppsleidningen. Dette inneber at Q_{maks} er større enn det som er oppgitt og at delar av avlaupet frå Norsk Protein ikkje passerer reinseanlegget. Dette er vatn som ikkje blir reinsa.

Dersom det i periodar kjem avlaupsvatn med høg temperatur, vil dette kunne ha negativ verk- nad på prosessane i reinseanlegget. Når kondensatvatnet blir leia utanom feittutskiljar og di- rekte til IVARs inntakskumme vil dette ha ein slik effekt. IVAR har rapportert om at inntaks- røyra deira er så varme at ein ikkje kan ta på dei. IVAR har også observert avlaup med høg pH. Norsk Protein sine stikkprøvar syner verdiar opp mot 9. Større mengder avlaupsvatn i kombinasjon med høg temperatur og periodevis høg PH, utgjer ein trussel for verkemåten til det biologiske reinseanlegget.

Ved tilsynet forklarte Norsk Protein AS at dei hadde uforståelege pulsar av vatn som regel- messig kom frå avlaupsnettlet deira til IVAR sitt reinseanlegg.

Avvik 5: Verksemda overskrid grensene for lukt

Avvik frå:

- Løyvet etter forureiningslova pkt. 4.1, 4.2, 11.2

Kommentarar:

I løyvet er det fastsett ei grense for lukt som er $15 \text{ LE}/\text{m}^3$ ved eigedomsgrensa i industriområ- de/opne landbruksområde og under $10 \text{ LE}/\text{m}^3$ i bustadområde, jf. den danske Miljøstyrelsens vegleing nr. 4/1985, kap. 5.1 (LE=luktekvivalentar). Undersøkinga og simuleringane av luktutsleppa syner at det må monterast ei 23 meter høg pipe for at luktgrensene skal overhal- dast. Dette er ikkje gjort. Utan tiltak ligg luktnivået ved turstien ved sjøen på om lag $70 - 80 \text{ LE}/\text{m}^3$. Det må då leggast til at undersøkinga gjeld utsleppet frå biofilteret og ikkje diffuse utslepp frå bygningsmassen/prosessanlegga. Dei siste er ikkje modellerte.

Ved tilsynet blei det forklart at det er store utsleppskjelder i prosesslokala som utslagskassa- ne, pressene og tørkeprosessen. Faktorar som varmestråling frå uisolerte transportskruvar og overtrykk frå eit gammalt friskluftanlegg, bidreg til diffuse utslepp. Det er sett i verk interne rutinar for å bøte på dette. Det er også signalisert omfattande utskifting av prosessutstyr. Det er openbart at slike diffuse kjelder vil bidra til det totale luktutsleppet.

Merknadar

Merknad 1

Produksjonen av pulp er ikkje omfatta av løyvet. Sjølv om produksjonen av miljøfôr nå er avvikla, og sjølv om pulp-prosessen ikkje gjev auka utslepp, gjeld framleis produksjonsramma i løyvet. I tillegg er dette prosessar som krev energi og vatn og som kan gi bidrag til anna forureining som t.d. lukt. Dette skulle vært varsla som ei endring av prosessen og løyvet.

Merknad 2

Verksemda har ikkje konkret vurdert innhaldet i pkt 3.6 i løyvet m.o.t. utjammingsbasseng opp mot den uønska hendinga som skjedde 29.05. 2009. Når det i utgangspunktet er satt krav til handsaming av overvatn i løyvet, inneber det at bekkar og andre ferskvassressursar skal skjermast. Risikofaktoren som blir nytta ved miljørisikoanalysen må derfor justerast opp. Den typen uønska hendinga som skjedde 29.05. 2009, er ikkje konkret omfatta av miljørisikoanalysen.

Merknad 3

Ved IPPC-verksemder skal det arbeidast kontinuerleg for implementering av BAT som også omfattar tiltak for å redusere vatnet. Verksemda opplyste at forbruket av vatn har auka utan at nokon kjenner til kvifor. Samtidig blei det understreka at Norsk Protein også forsynte forbrenningsanlegget (Solør energi) med vann. Dette er vesentlig for alle status-vurderingar og vurderingar av prosessar hjå Norsk Protein at ein kjenner til kor mykje vatn som blir levert og når vatnet blir levert. Etter tilsynsbesøket har vi fått kjennskap at avlaupsvatn truleg kjem i retur frå Solør Energi. Det er Norsk Protein som er juridisk ansvarleg, også i høve til forureiningslova og gjeldande løyve, for alle avlaup som kjem frå avlaupsnettet og til IVAR sitt reinseanlegg. Pr. i dag har verken Solør Energi eller Norsk Protein løyve til ei slik ordning som skildra her.

Merknad 4

Eit sentralt element i løyvet er at Norsk Protein skulle greie ut årsakene til det høge utsleppet av organisk stoff, og det ville bli satt utsleppsgrenser etter tilbakemeldingane til Fylkesmannen. I tilbakemeldingane blir de peika på fleire tilhøve som skulle forberast, bl.a. var det blitt montert luftkjøling på avlaup for å redusera oppløyst organisk stoff og feitt, og det skulle skiftast ut prosessutstyr med lekkasjar frå 2008. I tillegg blei produksjonen av miljøfôr lagt ned i 2006.

Frå 2006 til 2007 sank konsentrasjonane av KOF kraftig, men har sidan auka årleg. Ved tilsynet blei det forklart at kondensatavlaupet ikkje har kjøling, men blir leia utanom feittutskiljaren av omsyn til temperaturen i feittutskiljaren. Det er ikkje kjøling på dette avlaupet. Det same gjeld for vassfasen ved koagulering av blod. Begge desse avlaupa passerar utanom feittutskiljar og sil. Effekten av manglande reinsing er ikkje gjort greie for. Me er ikkje kjent med at prosessutstyr allereie er skifta ut, men ved tilsynet blei det sagt at det skal skje vesentlege utskiftingar i 2011.

Vassprøvene syner kvaliteten til det samla avlaupet. Men i samband med utgreinga av kjeldene til mykje organisk stoff i avlaupet, er det ikkje utført kjemisk karakterisering av dei ulike delstraumane som går til kommunalt nett. For å karakterisere innhaldet i kondensatet, blir det referert til tilsvarande avlaup i Mosvik. Det vil vere viktig å kjenne til innhaldet i avlaupet

både før og etter kjøling og det blir forventa at verksemda set i verk ei slik karakterisering basert på lokale analyser. Det forventas at arbeidet blir utført av kompetent personell.

Andre tilhøve

Norsk Protein AS, avd. Grødalaland er ein viktig og profesjonell aktør i bransjen for destruksjon av animalsk avfall/råstoff. Verksemda er viktig for mange andre verksemdar innafor næringsmiddelindustrien og står fram som ein god arbeidsplass med eit godt fokus på HMS. Verksemda har mange rutinar og system for å halde oppsyn med tilstanden på arbeidsplassen og innsatsfaktorar, men på visse felt finnest det forbettringspotensiale.

Fylkesmannens forventningar til verksemda si tilbakemelding:

Fylkesmannen hadde forventa at verksemda hadde montert og tatt i bruk utstyr for kontinuerleg prøvetaking. Korleis slike målingar skal takast og korleis analysane ska skje, har blitt diskutert tidlegare. Fylkesmannen har gjort det klart at analysar utført på verksemda er akseptabelt, og at analysane ikkje treng å syne resultatet på timen. Det blir forventa ei skriftleg tilbakemelding om korleis avviket er følgt opp frå verksemda si side innan fristen 15.06.2011.

Etter tilsynet er me orienterte om at verksemda har satt i gang kartlegging av avlaupssystemet. Det blir forventa at drifta på anlegget blir justert i samsvar med nye opplysningar frå kartverket og at det blir satt i verk naudsynte tiltak. Det blir også forventa at kartverket blir implementert i internkontrollsystemet. Det blir forventa ei tilbakemelding om desse punkta.

Norsk Protein har varsla at dei skal gjennomføra store investeringar i 2011. Me reknar med at tilbakemeldinga vil syne kva dette har å seie for utslepp til vatn og utslepp til luft. Dersom ikkje verksemda klarar å gjennomføre dei konkrete forbetringstiltaka, jfr. avvik 1 – 5, må tilbakemeldinga inkludere ein konkret plan for det som skal gjerast.